



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

KIBSGAARD-PETERSEN AS
Grimmertgata 2
6002 ÅLESUND
Att. Oddrun Kvammen

Vår dato:
22.03.2019

Vår ref:
2019/1247

Dykkar dato:
21.02.2019

Saksbehandlar, innvalstelefon
Jorunn Mittet Eriksen, 71 25 84 10

Stranda kommune

Reguleringsplan for hyttefelt Fausadalen

Fråsegn til varsel om oppstart av planarbeid

Fylkesmannen er statens representant i fylket og har m.a. ansvar for å følge opp vedtak, mål og retningslinjer frå Stortinget og regjeringa. I den kommunale planlegginga skal vi sjå til at kommunane tar omsyn til viktige regionale og nasjonale interesser som gjeld arealforvaltning, landbruk, klima og miljø, oppvekst, helse og samfunnstryggleik.

Det er varsle oppstart av planarbeid for detaljregulering hyttefelt Fausadalen i Stranda kommune. Føremålet med planarbeidet er å fortette og utvide hyttefeltet i Fausadalen. Gjeldande reguleringsplan vart vedtatt i 2006. Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

Planfagleg og KU

Gjeldande reguleringsplan «Nysætervatnet» vart vedtatt i 2006. Ein legg opp til same utstrekning som denne, med ein mindre tilpassing slik at den nye planen følger kommunegrensa mellom Stranda og Sykkylven. Planområdet er på om lag 2450 dekar.

Vi har ikkje fått førelagt detaljar om utbyggingsplanane, og vår fråsegn blir av den grunn av generell karakter.

Det skal gjennomførast ei forenkla konsekvensutgreiing i samband med planomtalen. Vi har ikkje grunnlag til å kommentere om dette er nok på noverande tidspunkt, da omfang og type utbygging ikkje går fram av oversendinga. Men vi registrerer av saksutgreiinga til kommunen at det er planlagt utbygging i område som frå før er avsett til LNF. Vi føreset at dette ikkje er av omfattande grad, i så fall bør ein krevje full konsekvensutgreiing.

Natur- og miljøvern

Av saksutgreiinga til kommunen går det fram at det er ønske om å omgjere to område frå LNF i gjeldande reguleringsplan til hytteføremål. Vidare skal eitt område ligge innanfor areal sett av til LNF i kommuneplanens arealdel der det ikkje er opna for utbygging av fritidsbustad.

Store delar av reguleringsplanen er myrområde. Våtmarker har ein unik evne til å reinse og lagre vatn. Myra er viktig for klimatilpassing og binder store mengder karbon. Ivaretaking av myr kan bidra til å redusere frigjering av klimagassar. Våtmarker er også viktige område for dyreliv. Heilt nord i planområdet er det registrert naturtypen rikmyr av svært viktig verdi. Lokaliteten har fått denne verdien for i den er stor, velutvikla, intakt og svært artsrik. Det er også registrert ein av dei største bestandane av solblom som er kjent nasjonalt. Solblom er kategorisert som sårbar på Norsk rødliste (2015) og er såleis ein truga art. Ein må ikkje legge opp til inngrep som direkte eller indirekte vil påverke denne registrerte naturtypen. Ein bør også på generelt grunnlag unngå utbygging i myrområda. Ut frå kartgrunnlaget vi har ser det ut som det er avgrensa moglegheit for utviding av hytteområdet, det er lite restareal som er eigna for hyttebygging. Nye tiltak vil fort kunne gje store inngrep i terrenget, og vil kunne endre vassføringa for større areal rundt. Ei konsekvensutgreiing må synleggjere den planlagde utbyggingas konsekvensar for økosystemet.

Det er også registreringar av truga artar i naturbase, og vi har sett merknader frå lokale som finn at det er rikt dyreliv i området. Verknader for naturmangfaldet må synleggjerast i konsekvensutgreiinga. Vi viser elles til naturmangfaldlova, der ein etter § 7 skal legge prinsippa i §§ 8-12 til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde. Det må difor gå klart fram korleis desse prinsippa er tatt omsyn til og vektlagt i vurderinga av saka. Manglande vurderingar etter naturmangfaldlova vil kunne vere ein saksbehandlingsfeil.

Vi viser elles til rettleiar *Planlegging av fritidsbebyggelse T-1450* (2005), utarbeidd av nåverande Miljøverndepartementet (no Klima- og miljødepartementet). Ny rettleiar er under arbeid, men er ikkje ferdigstilt. Gjeldande rettleiar er å finne på regjeringa sine heimesider:

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/t-1450-planlegging-av-fritidsbebyggelse/id88355/>

Friluftsliv

Vi er nøgd med at det er sagt at tiltaka ikkje skal kome i konflikt med etablerte og planlagde turløyper for sommar- og vinteraktivitet. Vi viser også til allmenne interesser langs vassdrag, og ber om at ein ikkje legg opp til inngrep nær vassdraga.

Vassdrag

Innanfor planområdet ligg det fleire små vatn, elvar og bekkar, innimellom dei våte myrpartia. Vi gjentar at mange område innanfor planområdet ser lite eigna ut til utviding av hytteområde, då det vil gje store inngrep og påverknad på vassmiljøet.

Vi minner om vassressurslova §11 som krev at det langs bredda av vassdrag med årssikker vassføring skal oppretthaldast eit avgrensa naturleg vegetasjonsbelte som motverkar avrenning og gir leveområde for planter og dyr. Breidda på vegetasjonsbeltet bør fastsettast i reguleringsplanen. NVE har utarbeidd ny rettleiar (NR2/2019) om *Kantvegetasjon langs vassdrag*. Vi ber om at denne blir lagt til grunn for planarbeidet.

Forureining

Det er oppgitt at det ikkje er kommunalt vatn - og avlaupsnett i Fausadalen. Det skal utarbeidast VAO-plan i samband med utarbeiding av reguleringsplanen.

Fylkesmannen har lenge vore uroa for Nysætervatnet som resipient. Ei fortetting eller utviding av hytteområda rundt vatnet er såleis ikkje gunstig. Nysætervatnet er påverka av regulering og er generelt eit grunt vatn. Resipienten vil vere særleg sårbar da vatnet er nedtappa.

Vassforskrifta nedfell eit miljømål om at alle vassførekomstar skal ha god økologisk og kjemisk tilstand innan 2021. Forskrifta er ein gjennomføring av EUs vassdirektiv, som Noreg har forplikta seg til å gjennomføre gjennom EØS-avtalen. Reguleringsplanen sin påverknad på Nysætervatnet som recipient må synleggjerast i konsekvensutgreiinga. Vi minner elles kommunen om sitt ansvar som forureiningsmynde, og ber om at det stillast krav til løysningar som sikrar at den økologiske og kjemiske tilstanden til Nysætervatnet ikkje blir forverra.

Konklusjon

Store delar av planområdet består av våtmark og myr. Vi rår i frå ei utbygging i desse områda, da tiltak her vil kunne gje store inngrep i terrenget og vassmiljøet i området. Ein må vidare gjere ei vurdering av utbygginga etter vassforskrifta. Vi viser elles til merknadene over, og ber om at dei vert tekne omsyn til.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f)
fagsjef - plansamordning

Jorunn Mittet Eriksen
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Kopi

Stranda kommune
Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde
Statens vegvesen, Region midt, pb. 2525, 6404 Molde
Mattilsynet, Postboks 383, 2381 Brumunddal



Statens vegvesen



**Møre og Romsdal
fylkeskommune**

Kibsgaard-Petersen AS

Grimmertgata 2

6002 ÅLESUND

Behandlende enhet:
Region midt

Saksbehandler/telefon:
Ingrid Renate Gjørvad /
90784333


Vår referanse:
19/38123-2

Deres referanse:


Vår dato:
18.03.2019

Uttale til varsel om oppstart av privat reguleringsplan – Fausadalen hyttefelt – Stranda kommune

Statens vegvesen har ansvar for å sørge for at føringer i Nasjonal transportplan (NTP), Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging, vognormalene og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringer blir ivaretatt i planleggingen. Vi uttaler oss som forvalter av fylkesveg på vegne av fylkeskommunen og som statlig fagmyndighet med sektoransvar innenfor vegtransport.



Utsnitt av gjeldende reguleringsplan



Utsnitt av gjeldende kommuneplan (1992)

Møre og Romsdal fylkeskommune har ansvaret for fylkesvegene, avgjør hvilke prosjekter som skal gjennomføres hvert år og gir politiske føringer for utvikling av fylkesvegene. Det er Statens vegvesen som normalt planlegger, bygger, driftet og vedlikeholder fylkesvegene på vegne av fylkeskommunen.

Postadresse
Statens vegvesen
Region midt
Postboks 2525
6404 MOLDE

Tелефon: 22 07 30 00
firmapost-midt@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Vestre Olsvikveg 13
6019 ÅLESUND

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Saken gjelder

Det er meldt oppstart av privat reguleringsplan for Fausadalens hyttefelt i Stranda kommune. Planområdet er ca. 2 450 daa inklusiv noe areal i Nysætervatnet. Hovedformålet med detaljreguleringsplanen er å tilrettelegge for fortetting og utvidelse av hytteområdene. Planarbeidet vil oppdatere gjeldende reguleringsplan i forhold til kart og bestemmelser. Dette medfører at hele området innenfor gjeldende reguleringsplan skal vurderes. Dagens reguleringsplan legger opp til områder for fritidsbebyggelse, LNF områder for jord- og skogbruk og friluftsområde.

Arealpolitiske føringer for planarbeidet

Det er en rekke dokumenter som gir føringer med tanke på areal og transport som må legges til grunn for planarbeidet. Vår vurdering og uttale bygger blant annet på disse:

- Nasjonal transportplan
- Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på veg
- Nasjonal gåstrategi
- Nasjonal sykkelstrategi
- Statlige planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging
- Statens vegvesens normalar, retningslinjer og rettleiingar
- Fylkesplan for Møre og Romsdal fylkeskommune, med underliggende dokumenter
- Fylkeskommunens strategier; for syklende og gående, kollektiv, trafikktrygging.

Statens vegvesen har følgende innspill:

Planinitiativet er til dels i tråd med gjeldende reguleringsplan. Der det skal gjøres endringer skal det utarbeides en forenklet konsekvensutredning. Det skal også utarbeides en ROS-analyse. Statens vegvesen har ikke merknader til videreføring av området til fritidsbebyggelse med bakgrunn i gjeldende reguleringsplan.

På nåværende tidspunkt foreligger det ikke noen skisser som viser hvor det foreslås utvidelse/fortetting av hytteområdene, eller antall nye enheter. Vi har derfor ingen situasjonsplan for infrastruktur eller avstander i planområdet. Det vil bli lagt opp til å spre trafikken i området for å unngå opphoping ved strategiske punkter. Vi oppfordrer til å legge til grunn gjeldende håndbøker, deriblant N100, for utforming og prosjektering av det interne vegnettet. Frisiktsoner mellom interne veger kan med fordel vises og fastsettes i plankartet. Vi forutsetter at gjeldende forskrifter blir fulgt ved avkjøring til fylkesveg.

Slik det regulerte området ligger i terrenget legges det opp til at hyttene vil kople seg på eksisterende og nye private veier. Eksisterende hyttefeltet kobles i dag på Fv.73 et stykke nord for hyttefeltet, og på Fv.60 et stykke sør for hyttefeltet. Fv. 60 i sør har

årsdøgnstrafikken (ÅDT) 2140 og fartsgrense på 80km/t, mens fv. 73 i nord har ÅDT 1270 og fartsgrense på 80 km/t. Belastninga på avkjørselen til fylkesvegene vil avhenge av hvor mange nye hytter som blir oppført. Det må vurderes om eksisterende vegnet er utformet for å gi tilfredsstillende trafikkavvikling og trafikksikkerhet. Det må også vurderes om trafikksikkerhetene og framkommeligheten for myke trafikanter er tilfredsstillende.

Konklusjon

Vi viser til våre merknader ovenfor og ber om at disse tas til følge i det videre planarbeidet. Dersom det i vurderingene over viser seg at trafikksikkerheten eller kapasiteten ikke er tilfredsstillende, må nødvendige tiltak vurderes og det må knyttes rekkefølgekrav til utbyggingsområdet.

Statens vegvesen kan gjerne kontaktas for ytterligere avklaringer og dialog underveis i planprosessen, og før planen legges ut til offentlig ettersyn.

Plan og trafikkseksojonen

Med hilsen

Lisbeth Smørholm

Seksjonssjef

Ingrid Renate Gjørvad

Avdelingsingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

KIBSGAARD-PETERSEN AS
Grimmertgata 2
6002 ÅLESUND
Att. Oddrun Kvammen

Vår dato:

22.03.2019

Vår ref:

2019/1247

Dykkar dato:

21.02.2019

Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon

Jorunn Mittet Eriksen, 71 25 84 10

Stranda kommune

Reguleringsplan for hyttefelt Fausadalen Fråsegn til varsel om oppstart av planarbeid

Fylkesmannen er statens representant i fylket og har m.a. ansvar for å følge opp vedtak, mål og retningslinjer frå Stortinget og regjeringa. I den kommunale planlegginga skal vi sjå til at kommunane tar omsyn til viktige regionale og nasjonale interesser som gjeld arealforvaltning, landbruk, klima og miljø, oppvekst, helse og samfunnstryggleik.

Det er varsle oppstart av planarbeid for detaljregulering hyttefelt Fausadalen i Stranda kommune. Føremålet med planarbeidet er å fortette og utvide hyttefeltet i Fausadalen. Gjeldande reguleringsplan vart vedtatt i 2006. Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

Planfagleg og KU

Gjeldande reguleringsplan «Nysætervatnet» vart vedtatt i 2006. Ein legg opp til same utstrekning som denne, med ein mindre tilpassing slik at den nye planen følger kommunegrensa mellom Stranda og Sykkylven. Planområdet er på om lag 2450 dekar.

Vi har ikkje fått førelagt detaljar om utbyggingsplanane, og vår fråsegn blir av den grunn av generell karakter.

Det skal gjennomførast ei forenkla konsekvensutgreiing i samband med planomtalen. Vi har ikkje grunnlag til å kommentere om dette er nok på noverande tidspunkt, da omfang og type utbygging ikkje går fram av oversendinga. Men vi registrerer av saksutgreiinga til kommunen at det er planlagt utbygging i område som frå før er avsett til LNF. Vi føreset at dette ikkje er av omfattande grad, i så fall bør ein krevje full konsekvensutgreiing.

Natur- og miljøvern

Av saksutgreiinga til kommunen går det fram at det er ønske om å omgjere to område frå LNF i gjeldande reguleringsplan til hytteføremål. Vidare skal eitt område ligge innanfor areal sett av til LNF i kommuneplanens arealdel der det ikkje er opna for utbygging av fritidsbustad.

Store delar av reguleringsplanen er myrområde. Våtmarker har ein unik evne til å reinse og lagre vatn. Myra er viktig for klimatilpassing og binder store mengder karbon. Ivaretaking av myr kan bidra til å redusere frigjering av klimagassar. Våtmarker er også viktige område for dyreliv. Heilt nord i planområdet er det registrert naturtypen rikmyr av svært viktig verdi. Lokaliteten har fått denne verdien for i den er stor, velutvikla, intakt og svært artsrik. Det er også registrert ein av dei største bestandane av solblom som er kjent nasjonalt. Solblom er kategorisert som sårbar på Norsk rødliste (2015) og er såleis ein truga art. Ein må ikkje legge opp til inngrep som direkte eller indirekte vil påverke denne registrerte naturtypen. Ein bør også på generelt grunnlag unngå utbygging i myrområda. Ut frå kartgrunnlaget vi har ser det ut som det er avgrensa moglegheit for utviding av hytteområdet, det er lite restareal som er eigna for hyttebygging. Nye tiltak vil fort kunne gje store inngrep i terrenget, og vil kunne endre vassføringa for større areal rundt. Ei konsekvensutgreiing må synleggjere den planlagde utbyggingas konsekvensar for økosystemet.

Det er også registreringar av truga artar i naturbase, og vi har sett merknader frå lokale som finn at det er rikt dyreliv i området. Verknader for naturmangfaldet må synleggjerast i konsekvensutgreiinga. Vi viser elles til naturmangfaldlova, der ein etter § 7 skal legge prinsippa i §§ 8-12 til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde. Det må difor gå klart fram korleis desse prinsippa er tatt omsyn til og vektlagt i vurderinga av saka. Manglande vurderingar etter naturmangfaldlova vil kunne vere ein saksbehandlingsfeil.

Vi viser elles til rettleiar *Planlegging av fritidsbebyggelse T-1450* (2005), utarbeidd av nåverande Miljøverndepartementet (no Klima- og miljødepartementet). Ny rettleiar er under arbeid, men er ikke ferdigstilt. Gjeldande rettleiar er å finne på regjeringa sine heimesider:

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/t-1450-planlegging-av-fritidsbebyggelse/id88355/>

Friluftsliv

Vi er nøgd med at det er sagt at tiltaka ikkje skal kome i konflikt med etablerte og planlagde turløyper for sommar- og vinteraktivitet. Vi viser også til allmenne interesser langs vassdrag, og ber om at ein ikkje legg opp til inngrep nær vassdraga.

Vassdrag

Innanfor planområdet ligg det fleire små vatn, elvar og bekkar, innimellom dei våte myrpartia. Vi gjentar at mange område innanfor planområdet ser lite eigna ut til utviding av hytteområde, då det vil gje store inngrep og påverknad på vassmiljøet.

Vi minner om vassressurslova §11 som krev at det langs bredda av vassdrag med årssikker vassføring skal oppretthaldast eit avgrensa naturleg vegetasjonsbelte som motverkar avrenning og gir leveområde for planter og dyr. Breidda på vegetasjonsbeltet bør fastsettast i reguleringsplanen. NVE har utarbeidd ny rettleiar (NR2/2019) om *Kantvegetasjon langs vassdrag*. Vi ber om at denne blir lagt til grunn for planarbeidet.

Forureining

Det er oppgitt at det ikkje er kommunalt vatn - og avlaupsnett i Fausadalen. Det skal utarbeidast VAO-plan i samband med utarbeiding av reguleringsplanen.

Fylkesmannen har lenge vore uroa for Nysætervatnet som resipient. Ei fortetting eller utviding av hytteområda rundt vatnet er såleis ikkje gunstig. Nysætervatnet er påverka av regulering og er generelt eit grunt vatn. Resipienten vil vere særleg sårbar da vatnet er nedtappa.

Vassforskrifta nedfell eit miljømål om at alle vassførekomstar skal ha god økologisk og kjemisk tilstand innan 2021. Forskrifta er ein gjennomføring av EUs vassdirektiv, som Noreg har forplikta seg til å gjennomføre gjennom EØS-avtalen. Reguleringsplanen sin påverknad på Nysætervatnet som recipient må synleggjerast i konsekvensutgreiinga. Vi minner elles kommunen om sitt ansvar som forureiningsmynde, og ber om at det stillast krav til løysningar som sikrar at den økologiske og kjemiske tilstanden til Nysætervatnet ikkje blir forverra.

Konklusjon

Store delar av planområdet består av våtmark og myr. Vi rår i frå ei utbygging i desse områda, da tiltak her vil kunne gje store inngrep i terrenget og vassmiljøet i området. Ein må vidare gjere ei vurdering av utbygginga etter vassforskrifta. Vi viser elles til merknadene over, og ber om at dei vert tekne omsyn til.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f)
fagsjef - plansamordning

Jorunn Mittet Eriksen
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Kopi

Stranda kommune
Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde
Statens vegvesen, Region midt, pb. 2525, 6404 Molde
Mattilsynet, Postboks 383, 2381 Brumunddal



KIBSGAARD-PETERSEN AS
Grimmengata 2
6002 ÅLESUND

Vår dato: 21.03.2019

Vår ref.: 201902087-2

Arkiv: 323

Deres dato: 21.02.2019

Deres ref.: Oddrun Kvammen

Saksbehandler:

Ole-Jakob Sande

NVE sitt innspill til varsel om oppstart av detaljreguleringsplan for hyttefelt i Fausadalen i Stranda kommune

Vi viser til varsel om oppstart datert 21.02.2019.

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonal sektormyndighet med innsigelseskompetanse innenfor saksområdene flom-, erosjon- og skredfare, allmenne interesser knyttet til vassdrag og grunnvann, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE gir råd og veiledning om hvordan disse saksområdene skal tas hensyn til ved utarbeiding av arealplaner etter plan- og bygningsloven (pbl).

Ved oppstart av planarbeidet anbefaler vi å bruke følgende veileder og verktøy:

- [NVEs kartjenester](#) viser informasjon om flom- og skredfare, vassdrag og energianlegg.
- [NVEs veileder 2/2017 Nasjonale og vesentlige regionale interesser innen NVEs saksområder i arealplanlegging](#) beskriver hvordan interessene bør ivaretas i planen, slik at en unngår innsigelse.
- [NVEs sjekkliste for reguleringsplan](#) er et nyttig verktøy, for å sikre at alle relevante saksområder er vurdert og godt nok dokumentert.
- Flere nyttige veiledere og verktøy finnes på www.nve.no/arealplan.

Deler av planområdet ligger innenfor aktsomhetskart for Snøskred og Steinsprang (NGI) og jord- og flomskred, jf. [NVE Atlas](#). Det betyr i første omgang at det må gjøres en nærmere vurdering av skredfare i forbindelse med planarbeidet. Til dette arbeidet må det benyttes tilstrekkelig faglig kompetanse, og skredfarevurderingen må underlegges kontroll av sidemann eller uavhengig part.

Dersom skredfaren er reell må faresonegrenser fastsettes i samsvar med sikkerhetsnivåene i byggteknisk forskrift (TEK17) § 7-3. Eventuelle fareområder må innarbeides i planen, dvs. vises i plankartet som hensynssoner (jf. pbl § 12-6). Til hensynssonene må det fastsettes bestemmelser som sikrer akseptabel sikkerhet før utbygging kan finne sted. Hvis det er nødvendig med sikringstiltak og/eller restriksjoner på

arealbruk for å oppnå/opprettholde tilstrekkelig sikkerhet anbefaler vi at det aktuelle området blir tatt inn i planen.

NVE har utarbeidet en [prosedyreskildring](#) for identifisering, vurdering og kartlegging av skredfare i bratt terreng ved utarbeidelse av arealplaner, og en rapportmal (rapportmal 2) for kartlegging av skredfare på reguleringsplannivå. Vi anbefaler at rapportmalen blir benyttet, da det vil gi en rapport med entydige og gode nok svar på avgjørende spørsmål i plansaken. Link til rapportmalen er å finne i prosedyreskildringen.

I planområdet er det vassdrag og mindre bekker, og i arbeidet med ROS-analysen er flom og erosjon relevante tema. Aktsomhetskartet for flom i NVE Atlas viser potensiale for flom i området, og den reelle farens må avklares med vurdering av fagkyndig. Generelt gjelder at areal utsatt for flom med 200-års gjentaksintervall vises i plankartet med hensynssone flomfare H320, jf. pbl § 12-6 med tilhørende bestemmelser som gir tilstrekkelig sikkerhet før utbygging, jf. TEK17 § 7-2.

Norsk klimaservicesenter har utarbeidet [Klimaprofil for Møre og Romsdal](#) og NVE anbefaler å legge kunnskapen i klimaprofilen til grunn i planarbeidet. Vurdering av disse forholda må komme fram i ROS-analysen.

Dersom elvebredden er utsatt for erosjon skal det være en sikkerhetssone mellom bygninger og toppen av skråninga over elva som er minst like brei som høyden fra elva og til toppen av skråninga. Avstanden må være minst 20 m, jf. prinsippskisse for erosjonssikker plassering av byggverk i veilederen til TEK17 § 7-2 fjerde ledd.

Utbygging av naturområde med harde flater kan gi økt avrenning og økte flomtopper nedstrøms. I verste fall kan sannsynligheten for flom- og erosjonsskader øke. Ved større utbyggingsområde og utbygging i tettbygde område bør krav til fordrøyning vurderes. Kartlegging av flomveier kan være et hjelpemiddel i planlegginga.

I følge vannressurslova (vrl) § 11 skal det langs bredden av vassdrag med årssikker vannføring opprettholdes et avgrensa naturlig vegetasjonsbelte som motvirker avrenning og gir leveområde for planter og dyr. Bredden på vegetasjonsbeltet kan fastsettes i reguleringsplanen. Arealbrukskategorien «Bruk og vern av sjø og vassdrag», jf. pbl § 12-5 nr. 6, bør benyttes til å merke vannsteng med f. eks. underkategorien «Natur og friluftsliv».

Dersom planen innebærer inngrep i vassdraget må det gjøres rede for om det er knyttet allmenne interesser til vassdraget, og hvordan inngrepet påvirker disse interessene. Eksempel på allmenne interesser er fiskens frie gang, allmenn ferdsel, naturvern, biologisk mangfold, vitenskapelig interesse, hensyn til kultur og landskap, jordvern, omsyn til flom og skred osb. Det bør også gjøres greie for eventuelle kompensererende tiltak for å redusere konsekvenser for allmenne interesser.

NVE kan fastsette at tiltak som er tillate i reguleringsplan ikke trenger særskilt løyve etter vrl, jf. § 20 om samordning av løyve. Ei koordinert handsaming forutsetter at planen gir en god beskrivelse av tiltaka og at konsekvensene for allmenne interesser er vurdert.

Gjennom planområdet går det en kraftledning. Mindre kraftledningsanlegg innenfor områdekonsesjonene faller innenfor virkeområdet til pbl og kan settes av i plankartet som teknisk infrastruktur etter pbl § 11-7 nr. 2.



I plandokumentene må det gå tydelig fram hvilke vurderinger som er gjort og hvordan de er innarbeidet i planen. **Alle relevante fagutredninger innen NVEs saksområder må være vedlagt.** Vi ber om at alle plandokumenter sendes elektronisk til rv@nve.no.

NVE vil prioritere å gi innspill og uttalelser til reguleringsplaner der det bes om faglig bistand til konkrete problemstillinger. Dette fremgår av [brev til kommunene 29.09.2017 om NVEs bistand og verktøy i arealplanleggingen](#).

Ta gjerne kontakt på e-post eller telefon ved konkrete spørsmål om NVEs saksområder.

Med hilsen

Brigt Samdal
regionsjef

Ole-Jakob Sande
senioringeniør

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner.

Vedlegg:

Kopi til:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Stranda kommune



Direktoratet for mineralforvaltning
med Bergmeisteren for Svalbard

Kibsgaard-Petersen AS
Grimmengata 2
6002 ÅLESUND

Dato: 28.02.2019
Vår ref: 19/00388-2
Deres ref:

Svar på varsel om oppstart av arbeid med reguleringsplan for hyttefelt Fausadalen i Stranda kommune

Leiv Erikssons vei 39
Postboks 3021 Lade
N-7441 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00
E-POST post@dirmin.no
WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883
SWIFT DNBANOKK
IBAN NO5376940505883
ORG.NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR
TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 21. februar 2019.

DMF er statens sentrale fagmyndighet ved forvaltning og utnytting av mineralske ressursar, og har eit særleg ansvar for at mineralressursar blir teke omsyn til i plansakar.

Om planen

Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for fortetting og utviding av hytteområda. I tillegg vil planarbeidet oppdatere kart og føresegner for gjeldande reguleringsplan.

Uttale til saka

DMF kan ikkje sjå at planen kjem i konflikt med registrerte førekomstar av mineralske ressursar. Ut ifrå informasjonen som ligg føre kan vi heller ikkje sjå at planen medfører uttak av massar som vert omfatta av minerallova. DMF har på noverande tidspunkt ingen merknader til varsel om oppstart av arbeid med reguleringsplan for hyttefelt Fausadalen i Stranda kommune.

Med helsing

Karoline Ulvund
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.
Sakshandsamar: Karoline Ulvund*



Motta karar:

Kibsgaard-Petersen AS

Grimmengata 2

6002 ÅLESUND

Kopi til:

Fylkesmannen i Møre og

Postboks 2520

6404 MOLDE

Romsdal



Stranda kommune

Rådmannen

Saksbehandlar: Tone Merete Lillebø

Melding om vedtak

Kibsgaard-Petersen AS

Vår ref.:
2019000256- 3

Dykkar ref.:

Arkiv:
K2 - L13

Dato:
20.03.2019

Eldrerådet - Uttale på oppstart av detaljregulering for hyttefelt i Fausadal

Vi viser til Dykkar brev. Det er gjort følgjande vedtak i saka:

19.03.2019 ELDRERÅDET 003/19

Eldrerådet har ingen merknader til oppstart av detaljreguleringsplan for hyttefelt i Fausadal

Med vennleg helsing
Stranda kommune

Tone Merete Lillebø
Kommunalsjef oppvekst

Dette brevet er godkjent elektronisk i Stranda kommune og har derfor ikke signatur.



Stranda kommune

Rådmannen

Saksbehandlar: Tone Merete Lillebø

Melding om vedtak

Kibsgaard-Petersen AS

Vår ref.:
2019000258- 3

Dykkar ref.:

Arkiv:
K2 - L13

Dato:
20.03.2019

Rådet for funksjonshemma - uttale til oppstart av detaljregulering for hyttefelt i Fausadal

Vi viser til Dykkar brev. Det er gjort følgjande vedtak i saka:

19.03.2019 RÅDET FOR FUNKSJONSHEMMA 003/19

Rådet for funksjonshemma har ingen merknader til oppstart av detaljregulering for hyttefelt i Fausadal.

Med vennleg helsing
Stranda kommune

Tone Merete Lillebø
Kommunalsjef oppvekst

Dette brevet er godkjent elektronisk i Stranda kommune og har derfor ikke signatur.



Stranda kommune

Nærings- og teknisk

Saksbehandlar: Inge Teigen

Kibsgaard-Petersen AS
Grimmengata 2
6002 ÅLESUND

Vår ref.: 19/257-2

Dykker ref.:

Arkiv: K2 - L13

Dato: 01.03.2019

Uttale vedr. detaljreguleringsplan hyttefelt Fausadalen

Viser til varsel av oppstart for detaljreguleringsplan for hyttefelt i Fausadalen datert 21.02.2019.

Brannsjefen i Stranda kommune ber om at «Retningslinjer for rednings og slokkemannskap i Stranda kommune» vert imøtekomen i reguleringsarbeidet.
Desse er vedlagd.

Med vennleg helsing
Stranda kommune

Inge Teigen
Brannsjef

Dette brevet er godkjent elektronisk i Stranda kommune og har derfor ikke signatur.

Vedlegg:

Dok.dato Tittel

01.03.2019 Retningslinjer for rednings- og slokkeinnsats Stranda kommune

Dok.ID

246539



STRANDA KOMMUNE

RETNINGSLINJER FOR TILRETTELEGGING FOR REDNINGS- OG SLOKKEMANNSKAP I STRANDA KOMMUNE.



FORMÅL

Dette dokumentet er tiltenkt byggesaker i Stranda kommune.

Ansvarleg prosjekterande må innhente informasjon frå brannvernet om dimensjoneringskriteria for adkomstveg og oppstillingsplass for brannvernets bilar i forbindelse med prosjektering.

Kriteria som ansvarleg prosjekterande skal innhente informasjon om, omfattar blant anna vegens minste køyrebreidde, maksimal stigning, minste fri køyrehøgde, svingradius og akseltrykk.

Retningslinjene skal også benyttast i eksisterande område der det er ønske/krav om å utbetre forholda for rednings- og slokkemannskap.

Det presiserast at brannvesenet ikkje har mynde til å gi aksept eller samtykke i byggesaker.

Krav til tilrettelegging for rednings- og slokkemannskap er beskrive i Byggteknisk forskrift (TEK), med tilhøyrande veileddning (VTEK) § 11-17.

Retningslinjene er meint som en utdjuping på korleis ein kan tilrettelegge løysningar for å tilpasse desse til brannvernets ressursar.

Dokumentet skal kun nyttast i si heilheit, og kan ikkje kombinerast med andre løysningar eller regelverk. Retningslinjene erstattar ikkje ovanforståande forskrift med veileddning, men er å betrakte som akseptkriterie for å sikre at brannvernet vil kunne utføre ein effektiv rednings- og slokkeinnsats utan unødvendig risiko for skadar på personell og/eller utstyr.

Interne og eksterne beredskapsmessige tiltak som er regulert av brann- og eksplosjonsvernloven med forskrifter, kjem i tillegg til tekniske krav til byggverket etter TEK.

Beredskapsmessige tiltak kan ikkje erstatte eller kompensere for manglande oppfyllelse av krav etter TEK eller veileddninga. Brannvernets retningslinjer gir ikkje aksept for valg under minimumskrav beskrive som preaksepterte løysningar i VTEK § 11-17. Løysningar som ikkje gjerast i samsvar med VTEK og stedlig brannverns forutsetningar og behov, må særskilt leggast frem for brannvernet.

Ein oppfordrar til å ta kontakt med brannvernet v. Brannsjefen i Stranda kommune ved spørsmål.

Kontaktinformasjon finnast på vår heimeside www.stranda.kommune.no

MANNSKAP OG UTSTYR

Pr. dags dato har Stranda kommune 3 stasjonar som dekkjer beredskapen i Stranda, Hellesylt og Geiranger. For Liabygda har ein avtale med Norddal kommune for beredskap.

Brannstasjon	Adresse	Bemanning	Mannskap	Utstyr
Stranda	Bruavagen 11	4-delt vaktordning. 3 stk. på vakt. Deltid.	20	Mannskapsbil Tankbil (u.vakt)
Hellesylt	Ringdalsvegen 20	Deltid	10	Mannskapsbil. Tankbil (u.vakt)
Geiranger	Ørnevegen 5	Deltid	12	Mannskapsbil.

I tillegg har brannvesenet ein mindre båt.

Stranda kommune er tilknytta Møre og Romsdal 110-sentral KF som er lokalisert i Ålesund.

Stranda brannvern er ein del av Sunnmøre Interkommunale utvalg mot akutt forurensing, og har beredskap for gass- og kjemikalieutslepp

INNSATSTID

Innsatstid er tida frå innsatsstyrken er alarmert til den er i arbeid på skadestaden.

Vedrørande krav til innsatstid, viser ein til Forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen, § 4-8

Innsatstid;

Til tettbebyggelse med særlig fare for rask og omfattende brannspredning, sykehus/sykehjem mv., strøk med konsentrert og omfattende næringsdrift og lignende, skal innsatstiden ikke overstige 10 minutter.

Innsatstiden kan i særskilte tilfeller være lengre dersom det er gjennomført tiltak som kompenserer den økte risiko. Kommunen skal dokumentere hvordan dette er gjennomført.

Innsatstid i tettsteder for øvrig skal ikke overstige 20 minutter. Innsats utenfor tettsteder fordeles mellom styrkene i regionen, slik at fullstendig dekning sikres. Innsatstiden i slike tilfeller bør ikke overstige 30 minutter.

Dersom det er tvil om innsatstid, skal dette avklarast med Stranda kommune. Brannvernet aksepterer ikkje at kort innsatstid nyttast som kompensasjon, eller teknisk bytte for, krav i gjeldande regelverk.

TILGJENGELEGHEIT

TEK 11-17 første ledd:

Byggverk skal plasseres og utformes slik at rednings- og slokkemannskap, med nødvendig utstyr, har brukbar tilgjengelighet til og i byggverket for rednings- og slokkeinnsats.

Stranda brannvern er ikkje dimensjonert og har ikkje til eikvar tid nødvendige ressursar for å kunne gi aksept til å benytte brannvernets stigemateriell som sekundær rømningsvei.

Ein viser til TEK 17 § 11-13 andre ledd, Utgang fra branncelle

*Brannceller i byggverk i risikoklasse 4 med inntil 8 etasjer **kan** ha utgang til ett trapperom utført som rømningsvei. For boenheter **forutsettes** dette at minst ett vindu eller balkong er tilgjengelig for rednings- og slokkeinnsats, jf. § 11-17.*

Stranda brannvern har ikke stigebil, lift e.l. Brannvernet sitt stigemateriell når til 3 etasje.

Ved større bygninger bør det være køyreadkomst rundt heile bygget.

For mindre byggverk i risikoklasse 4 og brannklasse 1 kan det aksepterast avstand på inntil 50 meter til bygning frå oppstillingsplass. Terrenget rundt bygninga må være planert og opparbeidd slik at det er mogleg å utføre slokkeinnsats mot alle fasadar og stille opp bærbar stiger slik at alle etasjar og brannseksjonar;brannceller er tilgjengelege.

Dersom områder er innegjerda, må brannvernet ha tilgang til området via fastmontert nøkkelsafe tilpassa vår arbeidsnøkkel. Ta kontakt med brannvernet for meir informasjon.

ADKOMSTVEG	
Køyrebreidde, minimum	3,5 meter
Svingradius (ytterkant veg)	mannskapsbil 9,5 m, tankbil 13 m
Stigning, maksimum	1:8 (12,5%)
Fri køyrehegde, minimum	4 meter
Akselltrykk	10 tonn
Boggitykk	19 tonn
Ved blindveg	Vendehammer som for køyretykklass L
Strøing og brøyting	Vegar må være strødd og brøya slik at lastebil med 2-hjulstrekk og kjettingar kan ta seg trygt fram.

Ved tilrettelegging av oppstillingsplass for lift over parkeringskjellar, må dekket være dimensjonert for aktuell punktbelaustning og totalvekt, sjå tabell nedanfor.

Oppstillingsplass skal alltid være tilgjengeleg og tydelig merka. Det skal ikke forekomme parkering eller anna som kan hindre brannvernets innsats.

OPPSTILLINGSPLASS	
Brannbil / tankbil	
Bredde	4 meter
Lengde	11 meter
Akselltrykk	10 tonn
Boggitykk	19 tonn
Total vekt	27 tonn
Lift	
Bredde	7 meter
Lengde	14 meter
Punktbelaustning støttebein	19 tonn (belastningsflate 60 x 60 cm)
Stigningsforhold på oppstillingsplass, maksimalt	6%

Bærbar stige	Maks 9 m høgde.
--------------	-----------------

	Terreng skal være planert og fritt for hindringar 3 meter ut frå vegg eller ytterkant balkong. Oppstillingsvinkel for stige er 75 grader.
--	---

Brannvernet har pr. dags dato ikkje lift, men ein har muligkeit til å bruke eller rekvirere korgbil frå kommunen og energiverk. Denne har maksimal plattformhøgde fra bakken på 17 m (rett opp).

Bom eller andre sperringar

Alle sperringar i forbindelse med køyreveg/oppstillingsplass skal enkelt kunne opnast. Elektriske bommar skal kunne opnast med telefon styrt frå M&R 110-sentral.

Branntekniske installasjonar

TEK 11-17 andre ledd:

Byggverk skal tilrettelegges slik at en brann lett kan lokaliseres og bekjempes.

TEK 11-17 tredje ledd: *Branntekniske installasjoner som har betydning for rednings- og slokkeinnsats skal være tydelig merket.*

Branntekniske installasjonar med betydning for brannvesenets innsats (nøkkelsafe, brannalarmsentral, sprinklersentral, brannventilasjonstyring o.l.) skal plasserast lett tilgjengeleg og i samråd med brannvernet.

Ei samlokalisering av vitale installasjonar må alltid vurderast. Der styring av branntekniske installasjonar er avhengig av brannvernets innsats, skal dette framgå av orienteringsplan, og det skal være ein tydeleg manual/bruksanvisning ved installasjonen.

Slokkeanlegg

Sprinklersentral skal være tydeleg merka utanfrå.

Adkomst til sprinklersentral skal være godt skilta heilt frå hovedangrepsvegen eller annan naturleg adkomst/inngang til bygget. Adkomsten til sprinklersentralen bør være kortast og enklast mogleg for rask lokalisering og betjening.

Brannalarmanlegg

Plassering:

Brannalarmsentralen skal plasserast ved hovedangrepsvegen, og minimum 1 sentral/panel pr. brannseksjon. Det kan være undersentralar ved øvrige angrepsvegar.

Detektorbeskrivelse:

Brannalarmsentralen skal gi eintydig oversikt over kor utløyst alarm er i byggverket.

Det er viktig at det som står på brannalarmsentralen stemmer overens med orienteringsplanen.

Detektornummer på orienteringsplan skal være lett å lese. Fontstørrelse min.18.

Detektornummer skal henvise til kva etasje og i kva område/sone i etasjen detektoren er plassert.

I bygningar med automatisk brannalarmanlegg koblast desse direkte opp Møre og Romsdal 110-sentral KF

Røykventilasjon

Ved termisk røykventilasjon av trapperom som innsatsmannskap skal styre, bør utløysningsmekanisme til røykluke være plassert på inngangsplanet i trapperom.

Nøkkelsafe

Der alarmoverføring går direkte til naudalarmeringssentral skal det være montert lett tilgjengeleg godkjent nøkkelsafe ved hovedangrepsvegen med master/universalnøkkelen til byggverket som gir

tilgang til heile bygget. Ta kontakt med brannvernet for opplysninger om type og programmering av lås.

RADIOKOMMUNIKASJON

I byggverk utan innvendig radiodekning der det kan bli behov for røykdykking, må det tilretteleggast med teknisk installasjon slik at brannvesenet kan bruke eige radiosamband. Det skal tilretteleggast for brannvernet sitt sambandsutstyr. Om nødvendig må det monterast sender i bygget for at brannvernet kan bruke sitt sambandsutstyr. Dette dekkast av utbyggar. Sjå lenke for ytterlegare informasjon om dette:

http://www.dinkom.no/Utbyggingen/Innendorsdekning/Etablering_av_utvidet_innendorsdekning/

MERKING OG INFORMASJON FOR REDNINGS- OG SLOKKEMANNSKAPER

Orienteringsplan:

Ved brannalarmsentral og eventuell undersentral/brannmannspanel skal det finnast orienteringsplanar og annan informasjon for brannmannskapet. Det skal være orienteringsplan for kvar enkelt etasje som tydeleg viser etasjetal på teikninga. Orienteringsplan ved den enkelte brannalarmsentral må vise:

- Kvar i bygningen ein er.
- Byggets plassering i forhold til eksterne referansepunkter (omliggende gater med gatenamn, uteområde ol.).
- Brannhydrantar.
- Angrepsvegar for brannvernet.
- Trapperom i bygninga.
- Fareområde i bygget, f.eks. områder med oppbevaring/bruk av farlege stoff.
- Plassering av sprinklersentral, tavlerom, ventilasjonsrom, fyrrom, stoppekranar.
- Viktige branntekniske konstruksjonar og installasjonar/utstyr.

Merking av etasjenummer i trapperom:

Det er svært viktig at etasjenummer viser for kvar etasje i trapperommet. Dette må være skilt som er sjølvlysende og ha storleik min. 20x20 cm.

Oppslag med kontaktopplysninger

Ved brannalarmsentral i hovedangrepsveg må det være oppslag som gir kontaktopplysningar til personar som har kjennskap til bygget og som kan være til hjelp ved rednings- og slokkeinnsats (f.eks. byggets eigar, vaktmester, brannvernleder, styreleiar i sameige m.m.).

VASSFORSYNING

Stranda Brannvern nyttar følgjande kupplingar:

Uttak	Kupling
65 mm (2,5")	NOR lås 1
38 mm (1,5")	NOR lås 3

Utandørs vassforsyning

I Stranda kommune skal det nyttast brannhydrantar.

Brannhydrant skal plasserast innanfor 25-50 meter frå inngangen til hovedangrepsveg, jf. VTEK17 § 11-17, andre ledd.

Der det ikkje vert tilrettelagt for køyrbar atkomst rundt heile bygninga, må køyreveg etablerast slik at slangeutlegg frå brannbil ikkje er meir enn 50 meter til nokon del av bygningas fasadar.

Det må minimum bereknast eit vassforbruk på 20 l/s i småhusbebyggelse og minimum 50 l/s fordelt på minst to uttak i annan bebyggelse.

Større vassmengder må vurderast i forhold til objektets størrelse og brannbelastning.

All vassforsyning må kunne nyttast uavhengig av årstid.

I regulerte områder skal det maks være 150 m. avstand mellom hydrant og bygning.

Lengde på slangeutlegg frå hydrant til brannbil og frå brannbil til angrepssvegar målast i brøyta veg.

Hydrantar plasserast lett tilgjengelig (til alle årstider).

Hydrantar plasserast slik at nedbøyting av snø unngåast.

Hydrant skal ha påkøyringsvern utført med kumring e.l. der det er mogleg å køyre på hydrant.

Det skal monterast tak/bygg over hydrant i snørike område over kote 150.

Andre løysingar for vassforsyning kan vurderast, men må framleggast og aksepterast av kommunen.

Innandørs vassforsyning

Ein viser til VTEK10 § 11-17 andre ledd.

Alle delar av ein etasje må kunne nåast med maks. 50 meter slangeutlegg.

Stigeledning:

Tilkoblingspunkt til stigeledning/tørropplegg må være på utsida av bygg, på bakkeplan og i umiddelbar nærleik til brannvernets angrepssveg.

Tilkoblingspunktet må være tydeleg merka og være plassert slik at det er lett synleg.

Det skal være uttak på stigeledning/tørropplegg i alle etasjar over bakke-/inngangsplan.

Alle delar av ein etasje må kunne nåast med maks 50 meter slangeutlegg.

-Stigeledning skal ha dimensjon min. 65 mm.

-2 inntak på stigeledning 65mm med NOR1 kupling med stengeventil for kvart inntak.

-2 uttak 38mm NOR3 kuplinger med stengeventil for kvart uttak oppover i etasjane.

Påkoblings- og uttakspunkter skal være tydeleg merka med skilt: "STIGELEDNING".

Tankbil

Stranda kommune har tankbil på Stranda og Hellesylt, men ikkje vaktordning på tankbilar.

PARKERINGSANLEGG

Der det ikkje er installert røykventilasjon må tilrettelegging for utlufting av røyk- og branngassar avklarast med brannvernet.

Parkeringskjellar skal ha eigen orienteringsplan på vegg ved inn- og utkøyringsrampar, og ved alle angrepssvegar.

Orienteringsplanen må være lett synleg og innehalde nødvendig informasjon om brannskillande bygningsdelar, rømnings- og angrepssvegar, sløkkeutstyr og branntekniske installasjonar (alarm- og sløkkeanlegg).

Tilgjengelighet og tilrettelegging for sløkkemannskap i garasjeanlegg må avklarast med brannvernet i kvart enkelt tilfelle.

Parkeringskjellar utan mekanisk røykventilasjon må ha mulighet for utlufting av røyk til luft via opning (luke/sjakt/dør) min. 2 m² hensiktsmessig plassert i forhold til innkøyringsport. Dette for å sikre effektiv gjennomlufting ved bruk av brannvernets vifter for utlufting av røyk.

Særskilt om parkering og lading av el-bilar i parkeringsanlegg

Regelverket skil ikke mellom type kjøretøy som parkerast i parkeringsanlegg.

Køyrety med batteripakkar (El-bilar, plug-in hybrid, hybrid, osv) har andre brann- og eksplosjonseigenskapar enn køyrety med fossilt drivstoff.

-Lengre slokketid og høgt vassforbruk for å sløkke

-Fare for reantenning etter sløkking

Dette er eit kunnskapsfelt under utvikling. Stranda brannvern støttar anbefalingane i SP Fire Research sin rapport Brannsikkerhet og alternative energibærere:

El- og gasskjøretøy i innelukkede rom (A16 20096-1:1).

<https://risefr.no/media/publikasjoner/upload/2016/spfrrapport-a16-20096-1.pdf>

-Parkering for elbiler må være nært inn-/utkøyring for best mogleg tilgang for sløkking, ventilering og eventuell utfrakt av elbilen etter sløkking for å unngå reantenning inne i parkeringskjellaren.

-Parkeringskjellarar må ha system for avkjøling av ein brann i lang nok tid for å unngå at bygget kollapsar.

SOLCELLEANLEGG PÅ BYGGVERK

Solcelleanlegg på byggverk kan påvirke brannvernets sløkkeinnsats gjennom å svekke tilgangen til takkonstruksjon. Montasje av solcellepanel på større bygg bør ha samanheng med brannseksjonering i bygget slik at brannvernet får enkel tilgang til takkonstruksjonen min. 1 meter på begge sider av brannseksjonar. Brytarar for å kutte straumen frå solcellepanela (releet på det enkelte panel) plasserast ved branntavle eller ved innsida av hovudinngang på bygg utan branntavle.

Oddrun Kvammen

Fra: Terje Årdal <terje.aardal@strandaenergi.no>
Sendt: 8. mars 2019 14:13
Til: Oddrun Kvammen
Kopi: Stranda Energi Firmapost Nett; Tore Andre Remme; Hege Viddal; Ola Raknes
Emne: SV: Fausadalen - varsel om oppstart

Stranda Energi vil herved varsle om at ved utviding/fortetting av området, må det takast omsyn til straumtilførsel i området. Det blir uansett behov for flere grøfter med l.sp.kabel, og kanskje også h.sp.kablar og nettstasjonar. Dette blir vurdert når nye tomter blir lagt ut. Vi må takast med på planlegginga av infrastrukturen i området.

Mvh
Terje Årdal
Stranda Energi AS
Ødegårdsveien 123, 6200 STRANDA
Tlf mobil: 97 65 84 19
Tlf sentralbord: 93 07 98 90
www.strandaenergi.no



Fra: Stranda Energi Firmapost Nett
Sendt: 21. februar 2019 10:55
Til: Tore Andre Remme <tore.andre.remme@strandaenergi.no>; Hege Viddal <hege.viddal@strandaenergi.no>;
Terje Årdal <terje.aardal@strandaenergi.no>; Ola Raknes <ola.raknes@strandaenergi.no>
Emne: VS: Fausadalen - varsel om oppstart

Fra: Oddrun Kvammen [<mailto:Oddrun@k-p.no>]
Sendt: 21. februar 2019 09:36
Til: Stranda Energi Firmapost Nett <firmapost@strandaenerginett.no>
Emne: VS: Fausadalen - varsel om oppstart

Se vedlagt varsel om oppstart av privat detaljreguleringsplan for hyttefelt Fausadalen i Stranda kommune.
Varslingen blir ikke sendt ut pr post.

For vår dokumentasjon ønsker vi at du svarer på denne mailen for å bekrefte at den er mottatt.

Med vennlig hilsen

Oddrun Kvammen
økonomi og administrasjon
70 10 38 89
www.k-p.no

KIBSGAARD-PETERSEN
arkitekter og planleggere

Fra: Njell Hoftun [mailto:njell.hoftun@sykkylven.kommune.no]

Sendt: 20. mars 2019 10:51

Til: firmapost

Emne: Innspel til varsel om oppstart regulering Fausadalen



Dykkar dato : 08.03.2019

Vår dato: 08.03.2019 Saksbeh: Njell Hoftun

Dykkar ref:

Vår ref: 2019/225 - 0 Telefon: 70 24 67 11

Klassering: 020/L13

Innspel til varsel om oppstart regulering Fausadalen

Viser til varsla oppstart av privat detaljreguleringsplan for hyttefelt Fausadalen i Stranda kommune.


Områda kring Nysætervatnet er eit regionalt viktig friluftsområde svært mykje brukt både sommar og vinter. Vinterstid køyrer Sunnmørsalpane skiarena opp eit stort løpenett i områda rundt Nysætervatnet. Sykkylven kommune ser på skiløypene som eit svært viktig tilbod med stor folkehelsegevinst. Ved ny planlegging må ein sikre eksisterande og mogleg nye løpetrasear til beste for framtida. Sykkylven kommune er særleg oppteken av følgjande punkt:

Eksisterande løpenett

Kryssingspunkt med brøyta veg må unngåast. Samanhengande, eigna trasear må takast vare på. Vedlagt kart viser traseear slik dei vert køyrte i dag. Alle vert ikkje køyrt til ei kvar tid, dette vil variere med snøtilhøve, mm., men det er viktig at dei ikkje vert bygd att.

I planinitiativet er det særleg område 4 som er utfordrande for løpenettet då ein her legg opp til nybygg på tvers av dagens hovudtrase.

Planen må sikre at ein unngår fleire kryssingspunkt med brøyta veg. I dag er det kun der løypa kryssar Raudlivegen på Stranda-sida at hovudløypa rundt vatnet kryssar brøyta veg.



Konflikt med nausttomter

Like etter kryssinga av Raudlivegen ligg løypeetraseen midt i fleire nausttomter. Dersom desse nausta blir bygde, vil det lage store vanskar for skiløypa. Vi vil be om at ein i planprosessen vurderer å flytte berørte tomer slik at den mest gunstige løypeetraseen vert bevart.



Alternativt at ein i samråd med løypekøyrarane - Sunnmørsalpane skiarena – finn ei tenleg løysing.

Moglege nye løypetrasear

Etter som hyttetalet aukar både på Stranda- og Sykkylvssida, vil det bli stadig fleire brukarar av områda. Dette kan auke presset på noverande trasear, og også føre til behov for fleire trasemoglegheiter. I planprosessen bør ein vurdere moglegheitene for framtidige nye trasear. Eitt døme som bør vurderast er ein trase langs vatnet frå kommunegrensa/Storhaugen til der løypa kryssar Raudlivegen i dag. Sykkylven kommune har starta arbeidet med ein eigen løypeplan for området. Planane bør samordnast med tanke på til dømes løypestandardar, opparbeidingsgrad, mm.

Når Fausadalen no vert regulert på nytt, gir det eit svært godt høve til å sikre gode løypetrasear til alles beste for framtida.

Andre tilhøve

Oppgradering av felles infrastruktur:

Sykkylven kommunen har i kommunedelplan for Nysæterområdet og i nyare reguleringsplanar innanfor kommunedelplanen innført eit rekkjefølgjekrav som munnar ut i ein utbyggingsavtale mellom kommunen og ansvarlege for utbygging av fritidsbustadar (privatpersonar/utbyggjarar). Denne utbyggingsavtalen sikrar kommunen eit beløp per ny fritidsbustadeining som er øyremerka til felles infrastrukturtiltak innanfor kommunedelplanområdet. Som for eksempel utbetring av Nysætervegen, offentleg parkering, skibruer eller liknande. Dette beløpet er i dag satt til kr. 50.000 per ny fritidsbustadeining.

Utbetring av vegstandarden på Sykkylvssida av Nysæterområdet kjem noverande og kommande hytteeigarar innanfor meldt reguleringsområde til gode. Sykkylven kommune oppmodar Stranda kommune å innføre ei liknande ordning i reguleringsområde på Fausa, der ein del av bidraga går til utbetring av vegstandarden på Nysætervegen og Fausavegen.

Avløpsanlegg:

Område som skal reguleras vil potensielt føre til mange fleire fritidsbustader enn det er i dag. Utan eit felles avløpsanlegg så må ein basere seg på mindre private anlegg. Sykkylven kommune oppfordrar til at ein i planarbeidet ser på moglegheitene med å innføre eit felles avløpsanlegg i planområdet og området rundt Nysætervatnet i samarbeid med Sykkylven kommune.

Med helsing

Odd Jostein Drotninghaug
ordførar

Njell Hoftun
samfunnsplanleggjar

Postadresse:	Kyrkjevegen 62	Telefon:	70 24 65 00	Bankgiro:	4045.07.01442
Besøksadresse:	Kyrkjevegen 62	Telefaks:	70 24 65 01	Bankgiro skatt:	6345.06.15287
E-postadresse:	postmottak@sykkylven.kommune.no			Org.nr.:	NO 964980 365 MVA